



## Regionalt planforum

### Møterom 700 Fylkeshuset, Molde

3. desember 2025, 1100-1300

#### TEMA:

Reguleringsplan for utvikling av turistdestinasjonen i Torvika i Surnadal. Planen omfattar oppføring av Ugla sykkelpark og «sportell», serveringsstad i ombygd fjøs, kontorlokale, gards- og friluftsbarnehage, utviding av hytteområde og tilrettelegging for friluftsområde langs sjøen.

#### DELTAKARAR:

|                                    |  |
|------------------------------------|--|
| Møre og Romsdal fylkeskommune      | Åsa Fredly (t), Guro Dehli Sanden (t), Björn Gregull, Åsmund Nybø Vik (r), Petter Jensen (t), Ola Hjelen (t) |
| Statsforvaltaren i Møre og Romsdal | Ulf Lucasen, Yngvild Meinseth, Renate Frøyen   |
| Surnadal kommune                   | Håvard Stensønes, Berit Okstad   |
| Mattilsynet                        | Oddbjørn Heggem (t)  |
| NVE                                | Ole Jakob Sande (t)  |
| Statens vegvesen                   | Anita Naas (t)   |

t = teams, r =referent

#### REFERAT:

##### **Presentasjon frå kommunen**

Planinitiativet for Torvika kjem frå grunneigar og omfattar utvikling av eit gammalt gardsbruk med aktivitetar knytt til garden. Presentasjonen frå tiltakshavar blir lagt ved referatet. Det er mykje eksisterande bygningsmasse på garden, og initiativet er friluftslivsbasert og reiselivsorientert. Det er ikkje halde oppstartsmøte i kommunen enno, men planinitiativet er sendt inn.

Tiltaka omfattar etablering av stianlegg for sykkel, mellom anna Ørnhammarstien Stangvik-Torvik. Denne stien er tidlegare behandla som dispensasjon, men kommunen har presisert at framtidige stiar og tiltak må gjennomførast som reguleringsplan, ikkje som enkeltvise dispensasjonar. Kommunen ønskjer å finne løysingar for parkering utan at det går ut over dyrka mark, kulturminne eller miljø. Det er også ønske om tilrettelegging for bade- og stupeanlegg i sjø, og parkering er tenkt ved fylkesvegen der det er 80 km fartsgrense.

Det er planlagt bruk av fjøset til overnatting i tillegg til servering. Stianlegget skal følgje gjeldande rettleiar for bygging, med fokus på å unngå store terrenginngrep og ta omsyn til vassdrag. Det vil vere behov for bruer over bekkar og vassførekomstar. Ei gapahuk er godkjent med dispensasjon og skal inngå i turtilbodet.

Planområdet omfattar LNFR-område, men reguleringsplanen vil gi rettsverknad. Det finst verneområde og omsynssoner for drikkevatt i området. Aktiviteten skal ikkje vere heisbasert, men tilgjengeleg for alle, med stegvis utbygging. Erfaringar frå Nesbyen og Trysil viser at det er viktig med

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde ○ Besøksadresse: Julsundvegen 9 ○ Telefon: 71 28 00 00

e-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no) ○ [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)



gode føresegner som styrer utforminga av stiane. Formålet blir truleg friluftsliv eller idrett/friluftsmål.

Det er registrert faresoner i området, mellom anna marin leire, og dette må vurderast nærare. Naturmangfald og vassdrag blir viktige tema i planen. Kulturminnekartet viser mange registreringar, og det er usikkert kor omfattande undersøkingane må bli. Planen skal ta vare på kulturlandskapet i Torvika og jordbruksareala i området.

Det er ønskje om å utvide eksisterande hytteområde (4 ledige tomter i dag) med ca. 10 nye tomter, samt vurdere fleire utleigehytter. Det finst regulering for dette i dag, men det er ønskjeleg å sjå på nytt i planen. Kommunen er positiv til planen og ser behovet for regulering for å kunne betre styre utviklinga av området (unngå villbygging).

Spørsmål som må avklarast vidare:

- Kor omfattande skal kulturminneundersøkingane vere?
- Korleis kan parkering løysast utan å ta dyrka mark eller skade kulturminne?
- Korleis skal faresoner (marin leire) handterast i planen?
- Kva krav til utforming av stianlegg bør inn i reguleringsføresegnene?
- Korleis skal omsyn til vassdrag og naturmangfald sikrast?
- Skal det opnast for utleigehytter utover dagens regulering?
- Korleis skal LNFR-område og verneområde avgrensast i planen?

## Innspel frå etatane

### Mattilsynet

Mattilsynet peika på at drikkevatt er eit sentralt tema. Det finst ei brønnkjelde (oppkome) som må vurderast, og det må sikrast tilstrekkeleg drikkevatt dersom det skal etablerast hotell eller barnehage. Torvik vassverk er basert på ei oppkome, og det kommunale vassverket i Stangvik må ein ta omsyn til, særleg dersom det skal brukast motorisert verktøy i området. Dette er spesielt viktig dersom det er overflatevatt involvert. Det må sjekkast om tiltaket påverkar nedslagsfeltet for drikkevasskjelder, både for kommunale og private vassverk.

Mattilsynet understreka også at dyrevelferd må ivaretakast, og at tiltaket bør påverke habitat og trekkruter for hjortevilt minst mogleg. Det må sikrast at vatnet er trygt, og sykkelstiane kan påverke nedslagsfeltet for fleire vassverk, noko som må kartleggast.

### NVE

NVE peika på at planinitiativet har treft mange relevante problemstillingar, men understreka at omsyn til vassveggar må vere sentralt. Det må vurderast risiko for skred og flaum i området, særleg der stianlegg og andre tiltak kan påverke naturlege vassvegane.

### Statens vegvesen



Statens vegvesen er opptatt av trafiksikkerheit og trygg ferdsel mellom aktivitetane i området. Det er viktig med gode parkeringsløyisingar for å unngå villparkering. Ein må også vurdere om eksisterande avkøyrsløse er god nok til å handtere utvida bruk. Fylkeskommunen er vegstyresmakt og må involverast i vurderingane.

### Statsforvaltaren

Satsforvaltaren peika på at fleire vurderingar tidlegare er gjort gjennom dispensasjonssaker, men er generelt skeptisk til inngrep i natur, særleg i myrområde. Omfanget av tiltaket verkar vesentleg, og det er behov for å avgrense inngrepa. Naturmangfald må inn som eit sentralt tema, og vi støttar Mattilsynet sitt innspel om å ta omsyn til trekktruter for hjortevilt. Det er også viktig å vurdere fuglelivet, spesielt hekkelokalitetar for rovfugl. Det bør gjerast kartlegging av naturprega skog i området.

Skoginteresser er vesentlege, og det må utgreiast korleis tiltaket vil påverke skogsvegar og omvendt. til dømes om sykkelstiane kan påverke skogsdrift. Verneområdet på sørsida av fjellet er viktig, og det må vurderast korleis ein kan førebygge uønska ferdsel inn i reservatet. Det er usikkert om skilting åleine er tilstrekkeleg, og dette må sjåast nærare på i planarbeidet.

Statsforvaltaren understreka behovet for alternative vurderingar og at kommunen må sjå dette i ein større samanheng. Kantsoner langs vassdrag må ha minimale inngrep, og vi er svært strenge på dyrka mark, helst ingen nye inngrep. I strandsone må ein unngå tiltak som bidreg til privatisering. Det bør gjerast ei «planvasking» av tidlegare planar i området. Parkeringsbehov må vurderast nøye.

Det må også takast omsyn til samfunnstryggleik og naturfarar. Barnehage er eit S3-tiltak med strenge krav, og det må vurderast om tiltak kan endre risiko for naturfarar. Overnatting vil antan vere S2- eller S3-tiltak.

### Møre og Romsdal fylkeskommune

Kulturminne frå nyare tid:

Torvika har fleire spennande bygningar og kulturmiljø som må sikrast i planarbeidet. Nokre bygningar er freda etter kulturminnelova, mellom anna naust som er det eldste som er datert i Møre og Romsdal. Naustrekka som heilskap, inkl. vorr og stø, har også status som regionalt verneverdig i Regional delplan for kulturminne (2015).

I tillegg finst det eit freda stabburet frå 1616, og andre bygg med stor kulturhistorisk verdi. Dei automatisk freda objekta ivaretek enkeltbygningar, men det er også viktig å sikre heilskapen i tunet og kulturmiljøet. Det bør gjerast ei kulturminnevurdering som del av

planarbeidet kor ein greier ut kva for kulturmiljøverdiar som skal sikrast. Det vil vere naturleg å vurdere bygningar i tunet, siktakser og det er også ein allé som bør vurderast. Ny bebyggelse må ta omsyn til kulturmiljøverdiane når det gjeld plassering og form.



Naustet skal ha omsynssone, men også støa og voren slik at heilskapen blir ivaretatt. Med omsyn til det freda naustet og den regionalt verneverdige naustrekka er vi i utgangspunktet skeptisk til plassering av installasjon med stupetårn rett framfor naustrekka. Ein bør ta høgde for kulturminneverdiane når ein vel endeleg plassering, og det må avklarast i planarbeidet.

Automatisk freda kulturminne:

Funnpotensialet i området blir vurdert som noko lågare i utmark, men aukar når ein nærmar seg Torvikbukta, særleg ved den nye dyrka marka og i nærleiken av tunet. Det er også funnpotensial for steinalderfunn og utmarkskulturminne knytt til produksjon av tjære, kol og jarn i delar av utmarka. Langs vegane vil det truleg kome krav om arkeologisk registrering. Regionen har mange steinalderfunn, og det er sannsynleg med funn frå mellomalderen rundt garden.

Friluftsliv:

Kommunen har kartlagt og verdsett sine friluftslivsområder utan at det er registrert viktige friluftslivsområde knytt til planinitiativet. Morotur viser likevel at det er ein del aktivitet i området. Det kan oppstå brukarkonflikt mellom gåande og syklande, særleg ved downhill-sykling med høg fart. Dette må vurderast i planarbeidet for å sikre trygg og balansert bruk av området.

Tiltaket kan ha rett til spelemidlar, noko som kan vere aktuelt for finansiering av delar av anlegget. Dette føreset at søkar og eigar av anlegget er godkjent for å søke på ordninga. Statleg sikring av friluftslivsområde kan også vere ei kjelde til å sikre areal og finansiere tilrettelegging for auka friluftslivsaktivitet.

Vassforvaltning

Tiltaket er omfattande med tanke på vassforvaltning. Det er mange bekkar i området, og det er viktig at desse blir haldne opne og ikkje lagt i rør. Vi støttar innspela frå Statsforvaltaren og Mattilsynet om å ta omsyn til naturmangfald og trekkruer. Det er positivt at kommunen legg opp til å innhente kunnskap om vassdrag og miljøpåverknad, slik det også er presisert i tidlegare dispensasjonssaker.

Det må vurderast korleis tiltaket vil påverke vassførekomstane, og det bør innhentast tilstrekkeleg kunnskap om hydrologiske forhold før reguleringsplanen blir utarbeidd.

Samferdsel:

- Gjere greie for trafikkauke som følgje av omsøkt tiltak, både på Torvik-sida og Stangvik-sida.
- Trafikkløysingar for personbil.
- Parkeringsløysingar.
- Ferdsel langs og kryssing av fylkesveg må vurderast på begge sider, også til strandområdet på Torvik-sida.
- Avkøyrslar frå fylkesveg må regulerast i tråd med Statens vegvesen si handbok **N100**.



- Forslag til planområde omfattar ikkje Stangvik-sida. Det er opplyst at trafikkbildet der også kan bli påverka.

Ytterligere merknader vil ev. komme i samband med melding om oppstart av planarbeidet.

#### Planavdelinga:

Det kan oppstå konflikt mellom gåande og syklende, noko som må vurderast i planarbeidet. Det bør gjennomførast ein ROS-analyse som tek for seg beredskap, tilgang for ambulanse og brannvesen, og korleis dette kan tilretteleggast.

Det er behov for å vurdere om tiltaket utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU), eller om det er tilstrekkeleg med meir avgrensa utgreiingar. Det blir anbefalt å ta med den gamle planen i vurderingane.

Mange av dei omsøkte aktivitetane fell ikkje naturleg inn under LNFR-formål (landbruk, natur, friluftsliv og reindrift), men representerer i realiteten næringsverksemd. Dette må avklarast i planarbeidet.

Plassering av barnehage må vurderast opp mot statlege planretningslinjer. Tiltaket bør også sjåast i samheng med kommunen sin reiselivsstrategi og korleis det påverkar overordna mål.

Det må gjerast vurderingar av avløp, sanitæranlegg og elkraftanlegg dersom det blir stor turisttrafikk, og kva konsekvensar dette kan få for kommunen sine driftskostnader.

Vidare bør kvar enkelt sti utgreiast konkret, med vurdering av korleis den påverkar natur, kulturminne og andre omsyn.